



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 03.06.21

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 01.06.21

Møtetid: 1800-2000

Møtestad: Kyrkja

Tilstades: Siv Jane Rauboti, Hilde Supphellen, Berit Orheim, Kari Bøyum Skeide, Grete Mundal, Nils Distad

Referat frå førre møte samt innkalling godkjent.

Referat:

Sak 31/21 Brannvern/lynaveleiar

Oppfølging av saka frå førre møte. Det er gjort ei synfaring og rapport ligg føre. Fellesrådet tek saka vidare.

Sak 32/21 Dugnaden

Vedtak:

Forbetringar med tanke på neste år: Tømme mest muleg frå kjellaren før "Simas-dagen", gjere rein gesimsane inne i kyrkja, ta opp att ordninga med felles måltid etter dugnaden. Vi takkar for innsatsen i infoskrivet som snart går ut til alle husstandane.

Sak 33/21 Sommaropen kyrkje

Vedtak:

So lenge koronarestriksjonane held fram kan vi ikkje ha opa kyrkje.

Sak 34/21 Friluftsgudstenesta

Vedtak:

Legg gudstenesta til Bremuseet, alternativt Feltstasjonen dersom dårleg vær. Spør Ungdomslaget om lån av key-board m. forsterkar.

Sak 35/21 Arrangement i kyrkja i vår

Vedtak:

2 arrangement i samarbeid med Bokbyen 5/6, og vidare eitt 12/6. Soknerådet kan stille med 1-2 brannvakter på kvart av arrangementa.

Sak 36/21 Multimedia-førsestellinga Markusevangeliet

Førespurnad om samarbeid med dei andre sokna

Vedtak:

Soknerådet er i utgangspunktet positive til tiltaket, men ønskjer å vite meir, mellom anna kostnader, før vi gjer endeleg vedtak.

Sak 37/21 Halvårsplanen

Vedtak:

Tillegg/endingar i planen: Sjå vedlegg Halvårsplan vår 2021

Sak 38/21 Ymse

Det er i år 160 år sidan kyrkja vart vigsla. Grunna pandemien utset vi markeringa til neste år, og då truleg i form av ein konsert. Dette blir opplyst om i info-skrivet.

Sak 39/21 Orienteringssaker

Trusopplæringsutvalet: Møte 9/6.

Diakoniutvalet: Hatt møte med m.a. orientering frå hospiterade sosionom- studentar , og påfølgjande samling for gruppeleiarar.

Fellesrådet: Omdisponeringar gjev ca 400 000 meir til vedlikehald i kyrkjene

Neste møte: 18. august kl 1800-2000 i kyrkja

For Fjærland sokneråd

Berit Orheim
- skrivar